

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Saka gjeld: **HØRINGSBREV - ODELSLOVENS INNSTILLING NOU 2003:26  
OM ODELS- OG ÅSETESRETTE**

Sakshandsamar :	<b>Olav Klock</b>	Arkiv: <b>V04 &amp;13</b>	
Arkivsaksnr.:	<b>03/02843</b>		<b>Møtedato</b>
0037/04	LANDBRUKSNEMNDA		01.07.04

**Vedtak/handsaming i LANDBRUKSNEMNDA den 01.07.04**

## **VEDTAK:**

**Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga nedanfor og går inn for at odelsretten/odelslova vert oppretthalden, med dei tilrådde endringane/justeringane.**

**Landbruksnemnda meiner at odelslova må verte meir fleksibel og tilpassast dagens situasjon med ei modernisering av odelslova i tråd med landbrukssjefen sine vurderingar.**

## **HANDSAMINGA:**

(7 røysteføre)

Det vart sett fram fellesframlegg om endring av saksframstillinga: Odelslova § 8 - odelslekta.

Her skal tilføyast i siste linje "og deira born".

Tilrådinga og endring frå landbruksnemnda vart samrøystes vedteken.

## **Saksopplysningar:**

**Først vil ein ta opp til drøfting om odelsretten bør bestå eller ei:**

### **Innleiing**

Landbruksnæringa i Ørsta har frå tidlegare tider vore ei næring som har vorte driven i lag med anna næring/verksemd som kombinasjonsbruk.

Gardsbruka vart i mellomkrigstida mykje oppdelte, og totalt sett er det i dag registrert om lag 750 landbrukseigedomar (eigedomar med over 5 da jordbruksareal).

Kring 1980 var det om lag 600 landbrukseigedomar i aktiv sjølvstendig drift (591 brukarar søkte om avløyasingstilskot). I 2003 var det 273 bruk i drift (søknader om produksjonstilskot). Mange gardsbruk har lagt ned drifta.

Men sjølv om gardane ikkje vert drivne som sjølvstendige bruk er det få gardsbruk i fritt sal. Gardsbruka vert i all hovudsak overdregne innan familien. Gardsbruka i drift er små i høve landsgjennomsnittet, med ca 12 kyr i gjennomsnitt og knapt 100 da jord pr. bruk. Det er svært få eineyrkebruk.

### **Kva har skjedd i landbruksnæringa i Ørsta over dei siste 10-åra.**

I grove trekk har 2 viktige forhold styrt utviklinga på gardsbruka:

Odelsretten

Opptrappingsvedtaket i 1975

Generasjonsskifte med oppbygging av familiebruket som modell på 1970-talet og utover på 80-talet, førte til levande bygder i kommunen.

Men den teknologiske utviklinga i landbruksnæringa har no gått forbi forhaustaren og vossakassa. Familiebruket har vorte akterutseilt teknologisk sett og i høve velstandsutviklinga elles i samfunnet. Rekruttering og overtaking for å drive garden som sjølvstendig bruk innan familien, har vorte meir problematisk. På dei mindre bruka sit i dag mange eldre eigarar.

### **Kva seier odelslovutvalet om dette forholdet.**

*På side 25 i utredningen er følgjande sagt: Rent faktisk har odelsloven bidratt til å motvirke storgodsoppsamling i Norge, noe som ut fra landets særpreg med spredt bosetting og langvarige tradisjoner med en selveiende bondestand har vært i det offentliges interesse.*

*Odelsretten har i hvert fall siden 1200-tallet vært av stor betydning for at gårdene fortsatt kunne drives av selveiende bønder.*

På side 49 er det sagt følgjande:

*Regjeringen har derfor understreket at den*

*”ønsker å sikre det lokale eierskapet til landbrukseiendommene for å bidra til bosetting i bygdene, god ressursforvaltning og langsiktighet i næringen. Viktige virkemidler i forhold til eiendomsstrukturen er odels- og konsesjonslovens bestemmelser om bo- og driveplikt.*

*Videre ønsker Regjeringen ” en mer langsiktig tilpasning i eiendomsstrukturen” og vil ” styrke både bosettingsfunksjonen og driftsgrunnlaget for aktive produsenter”.*

*Stortingets næringskomite peker også på ”verdien av et lokalt eierskap til naturressursene , men legger tilsynelatende noe større vekt på at et landbruk med mange driftsenheter gir et stort bidrag til bosetting og sysselsetting i distriktene”*

*Stortinget ønsker derfor ”å videreføre et desentralisert jordbruk med en variert bruksstruktur som alternativ til en mer industribasert næring”. Det understrekes i den forbindelse ”at en landbrukspolitik som ikke tar hensyn til kombinasjonsbrukene ikke vil gi et jordbruk som er i stand til å oppfylle viktige distriktpolitiske mål”.*

På side 55 er det sagt følgjande:

*Selv om landbrukets betydning som ”bærende næring” i distriktene avtar, vil et aktivt landbruk også i fremtiden være av stor betydning for bosetting og næringsutvikling i mange distrikter. Ikke minst fordi landbruket som næring, fortsatt er basis i forhold til annet næringsliv. Dertil kommer at landbruket er av stor betydning for å opprettholde det tradisjonelle kulturlandskapet. For videre utvikling av det multifunksjonelle landbruket og*

*reiselivsnæringa vil det tradisjonelle landbruket med bosetting og lokalt eierskap fortsatt være selve fundamentet. Utvalget mener at tilrettelegging for slik alternativ næringsutvikling er nødvendig i et større omfang enn tidlegare dersom det fortsatt skal være et mål å opprettholde bosettinga i distriktene. Hva slik verdiskapning bør gå ut på eller hvordan dette best kan gjerast, liggjer det ikkje til Odelslovutvalget å vurdere.*

*Det fremgår av det som er sagt foran, at utfordringa for distriktene først og fremst vil være å opprettholde og utvikle næringsgrunnlaget og å skape sysselsetting. I den forbindelse vil det være i samsvar med gjeldende landbruks- og distriktpolitikk at ressursene styres av lokale krefter.*

I utredninga er det vist til at i Møre og Romsdal vart det i 1998 føreteke ei undersøking blant personar som har søkt om fritak frå bu- og driveplikta. Undersøkinga viser at dei viktigaste salshindringane er tilknytninga til bruket og at born/borneborna er for unge til å overta.

### **Landbrukssjefen si vurdering:**

Odelsretten ser ein i denne samanheng som ein stabiliserande faktor. Det er tilknytninga til bruket som er viktigaste kriteriet i vurderingane om bruket skal seljast fritt eller ikkje. Slektband og tilknytning til gardsbruket har vore "limet" og "ballasten" for at garden vert i slekta. I stor grad har dette bandet ikkje vore ein tvang, og heller ikkje vorte uttrykt som press innan familien for å overta. Vi som har jobba i landbruksforvaltninga har ikkje opplevd at overtakinga av gardsbruka i kommunen har skjedd som følgje av tvang.

Å ta bort odelsretten vil ha andre effektar enn å tilgodesjå slekta og banda til garden og det forfedrene har gjort. Ved å fjerne odelsretten vil pengemakta og det den står for, slå ut i full blomst. I odelslovsutvalget si utgreiing vert det hevda at dei aller fleste gardsbruk vil verte omsett innafør slekta sjølv om odelsretten vert fjerna.

Dette vil ein hevde ikkje er nokon regel i praksis.

Det som har vist seg når det gjeld sal av mjølkekvoter, er ei holdningsendring. Salet har på ein måte vorte legalisert, og når naboen har selt, ja så kan også andre gardbrukara ha fjøsen ståande tom og gjerda i forfall o.s.v.

Det same vil ein tru vil skje med gardsbruka når gardsbruk i bygda vert selt til kapitalfolk med lita eller ingen landbruksmessige næringsinteresser og har det meste av motivet bak kjøpet det å sikre seg den "friheita" som gardsbruket gir.

Den naboen som skal drive arealet til eit slikt bruk, får tyngre forhold og samarbeidet og det gamle samhaldet i bygda går i oppløysing. Ein gardbrukar i bygda uttrykte ei slik utvikling dit hen, at i sin ytterste konsekvens vert landbruksforholda i bygda så marginale at jordskiftepapira som regulerte jord- og skogbruksforholda på gardsbruka ikkje er verd papiret det er skrive på.

Det er klart at jordskifte ikkje er knytt til personar som eig gardsbruka, men knytt til garden og bruket og regulerer forhold som gjeld gardsbruk. Men det er også heilt klart at når aktiv landbruksdrift vert på eit lite fåtal personar i bygda, og denne minoriteten skal vinne fram med sine interesser og få gjennomført jordbruksvilkåra som gjeld i bygda, så kan det verte vanskelig å verne om nettopp dette viktige særpreget for å kunne drive gardsdrifta vidare.

**Det er** forhold i landbruket i mange bygder som peikar i denne retninga i dag.

Ein bør derfor ikkje gjennomføre for brå endringar i landbrukslovgivinga som tek vekk "limet" eller kall det "ballasten" i å halde på eit lokalt eigarskap av natur- og næringsressursar, og ei

for rask fjerning av den sameinande bygde- og bondekulturen, spesielt i fjord- og fjellbygdene.

Vi opplever i dag at det er utrendy å bu på landsbygda. Denne trenden har i første rekkje samanheng med utviklingsdrag i samfunnet som dei siste tiåra har styrka sentraliserande og globaliserande trendar.

Trenden kan snu, og mykje tyder på at det allereie er sett i gang monalege motstraumar. Ein overfladisk konsumentkultur kan bli møtt av ei ny retning; dragninga mot arenaer for sjølvutfolding og tettare sosiale relasjonar i oversiktlege bygdesamfunn. I ei slik brytningstid må det vere rett at lokal tilknytning og lokalkjennskap blir med som eit viktig grunnlag i endringsprosessen.

Odelslova og odelsretten må ikkje ”kastast over bord i same slengen” med denne brytningstida som bygdene ser ut til å gå inn i.

Rett nok må odelslova og odelsretten gjerast meir fleksibel, og det vert teke opp til drøfting i det nedanforståande.

### **Men konklusjonen er at odelsretten må bestå**

og dette fordi den mellom anna:

- sikrer at personar med tilknytning til garden får overta garden på ein landbruksmessig forsvarleg måte.
- sikrer lokalt eigarskap av natur- og næringsressursene – dei som overtek bryr seg.
- Sikrer at dei som ønskjer å overta får lovmessig rett til å overta bruket.
- Sikrer at overtaking av gardsbruk vert regulert av odelslova/odelsretten. Dette meiner ein vil gje mindre konflikter i familien. Spesielt ettersom eigarane vert eldre, og krangel om pengar/arvetvister vil blomstre opp når stort sett verdien på bruket vert hovudpoenget.
- Sikrer seg mot utviklingsdrag som virker til at den sameinande bygde- og bondekulturen vert stilleiande fjerna frå bygdene, og at ein oppdager for seint kva som har skjedd,- spesielt med omsyn til landbruket sine interesser.

**Under føresetnad at odelsretten blir vidareført så meiner ein at odelslova må justerast og tilpassast, for å få den meir fleksibel, slik at ein tek vare på det som har virka best i odelslova.**

**Justeringane bør/må gjerast på følgjande punkt i lova.**

#### **Formålsføresegn.**

Det bør innarbeidast i lovteksta eit overordna formål med lova. Ein formålsparagraf vil gje ei mandat til landbruksforvaltinga/kommunen som eit overordna grunnlag for lova.

#### **Odelslova § 2 – arealkrav.**

Grensa for odlingsjord bør aukast til 50 dekar jordbruksareal eller 500 da produktivt skogareal. Det bør vere gardsbruk av ein viss storleik som er odelsbruk. Bruk under eit samla jordbruksareal på 50 da synest å vere ei forvaltningsmessig fornuftig grense i salgs-samanheng.

### **Odelslova § 8 – odelslekta.**

Odelsretten bør avgrensast til dei personer som har tilknytning til garden. Odelskrinsen bør derfor verte avgrensa til barn av eigar og søsken av eigar (tillegg frå landbruksnemnda sitt felleframlegg er): **og deira born.**

### **Odelslova § 20 – overdraging til annen enn den best berettiga.**

Interpellasjonsretten må virke meir avklarende og ordninga må utvidast slik at eigar kan gjere ei raskare avklaring når det gjeld sal av egedomen. Fristen for å svare på eit slikt tilbod er i dag 6 månader og denne bør kortast ned til 3 månader. Løysingsfristen bør kortast ned frå 1 år til 6 månader.

### **Odelslova § 21 – når løysing er ”klårt urimeleg”**

Etter § 21 kan prioritetsrekkefølga mellom dei med odelsrett fråvikast dersom det vil vere ”klårt urimeleg” å drive den dårlegare odelsrettshavaren vekk frå egedomen. Haldninga har vore klar restriktiv når det gjelder bruken av § 21. Ein meiner at dersom det er ”klårt urimeleg” må § 21 kome til nytte i situasjonar der ein med dårlegare odel konkurrerer med odelsberettiga. Når det gjeld bruk av § 21 i situasjonar der det ikkje er odel må bruken framleis vere restriktiv.

### **Odelslova § 25 – fråskriving av odelsretten.**

Etter § 25 er det høve til å skrive frå seg odelsretten. Denne retten må gjerast enkel og det bør kunne innførast eit skriftkrav, slik utvalet føreslår.

### **Odelslova kapittel VII – om bu- og driveplikt ( §§ 27-29)**

Bu- og driveplikt må verte lik og den same for eigar med odelsrett og eigar som ikkje har odelsrett. Det bør også vere same regel i dei tilfella egedomen vert overtatt ved løysingssak ( 10 års personleg bu- og driveplikt bør falle vekk og blir lik for alle, altså 5 år).

**Når det gjelder dei andre punkta i høyringsutkastet til ny odelslov som utvalet har peika på, vil ein seie seg samd med utvalet sine hovudkonklusjonar.**

Olav Klock  
landbrukssjef